

# Årsmelding 2021



Prosjektleder Hilde G. Corneliussen og kollegaene hennar har på oppdrag frå Bufdir gjennomført ei evaluering av den fleirårige satsinga Jenter og teknologi. Foto: NHO



Gjennom prosjektet Fønix har Torunn G. Hønsi undersøkt potensialet for å produsere biokol av bioavfall i Sogn. Foto: Astri Knudsen



Forskning på reiseliv og klima går hand i hand ved Vestlandsforskning. Foto: Halvor Dannevig



I prosjektet Shift-Plastics har sju forskingsinstitusjonar og 20 andre aktørar gått saman om å forske på betre handtering av plast i fiskeri og havbruk. Foto: Bo Eide (Flickr, lisensiert under CC BY NC ND 2.0)

# Årsmelding 2021 - Vestlandsforskning

Vestlandsforskning er eit forskingsinstitutt som utfører forskings- og utviklingsoppdrag for næringsliv og offentlig sektor. Ved instituttet er det 35 tilsette, og kontorlokala ligg ved Campus Sogndal på Fosshaugane. Instituttet har ein tverrfagleg profil og har tre hovudforskningsområde: klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn. Instituttet har ein lang tradisjon for internasjonalt forskingssamarbeid, og forskinga er godt forankra i regionen.

## Overordna mål

Vestlandsforskning skal vere eit sjølvstendig, regionalt forskingsinstitutt med base i Sogndal og forankring i Vestland.

I samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale fagmiljø skal instituttet levere banebrytande forskning av høg kvalitet som svarar på samfunnsutfordringar og bidreg til berekraftig utvikling.

## Visjon

Banebrytande kunnskap for eit berekraftig samfunn

## Finansiering

Prosjektinntektene finansierer den ordinære drifta i Vestlandsforskning. Tilskot i form av grunnløyvingar blir nytta til fagleg utvikling, kvalitetssikring, nettverksbygging og prosjektutvikling. Ved etableringa av stiftinga 13. mars 1985, ved Sogn og Fjordane fylkeskommune, gjekk fylkeskommunen, Kommunaldepartementet og 62 bankar, bedrifter, kommunar og organisasjonar i fylket inn med eit grunnfond på 4 mill. kr.


## Organisering

Instituttet er organisert som ei stifting og blir leia av eit styre samansett av sju medlemmer. Vestland fylkeskommune vel fleirtalet av desse. I 2021 var Aleksander Øren Heen styreleiar. Direktør Anders-Johan Almås utførte den daglege leiinga av instituttet. To forskingsleiarar og to administrative gruppeleiarar er del av leiargruppa.

## Kvalitetssikring

Kvalitetssikring skjer gjennom fagleg rettleiing og kontroll, og ved eit eige internt system for kvalitetssikring av prosjektgjennomføringa.

## Organisering



# Banebrytande kunnskap for eit berekraftig samfunn

Dette er Vestlandsforskning sin visjon, og den strekkjer vi oss etter heile vegen. Med dei prioriterte forskingsområda klima og miljø, berekraftig reiseliv og teknologi og samfunn, er vi klare til å ta del i det grøne skiftet og den digitale omstillinga vi som samfunn må gjennom. Vestlandsforskning er eit solid, regionalt forankra forskingsinstitutt. Vi er tett på næringsliv, organisasjonar og offentleg sektor i regionen. Gjennom nettverk, mobiliseringsaktivitetar og lokale og regionale samarbeidsprosjekt, har vi bygd kunnskap som bidreg til å utvikle regionen vi er ein del av. Samstundes er vi aktive på den nasjonale og internasjonale FoU-arenaen. Om lag ein femdel av omsetninga vår i 2021 kom frå internasjonale prosjekt.

Sjølv om 2021 vart prega av koronapandemien, med reiserestriksjonar og mykje heimekontor, klarte Vestlandsforskning i stor grad å halde framdrifta i prosjekta. Konkurransen om forskingsmidlar er vorten hardare, og Vestlandsforskning har arbeidd mykje med å styrke kvaliteten i søknadsarbeidet. Vi leverte gode søknader om forskingsmidlar til regionale, nasjonale og internasjonale prosjekt, og mange av desse nådde gjennom i 2021.

Anders-Johan Almås har vore direktør i 2021, og gruppeleiar Hans Jakob Walnum fungerte som direktør i delar av året. Eg vil rette ei stor takk til den tidlegare leiinga for Vestlandsforskning som har bygd ei solid verksemd, og som det var ei stor glede å ta over etter ved årsskiftet.

Sogndal, 2. mai 2022

Anne Karin Hamre, direktør

## Styret si vurdering

Instituttet har i 2021 hatt høg aktivitet på alle dei tre faglege hovudområda, som er relevante for både næringsliv, offentleg forvaltning og samfunnslivet generelt. Styret er svært godt nøgd med aktiviteten gjennom nok eit utfordrande år med pandemi, og meiner at instituttet er godt posisjonert framover.

Vestlandsforskning har arbeidd med å følgje opp den nye strategien for instituttet, mellom anna gjennom dei definerte fokusområda: prosjektgjennomføring, søknadsarbeid, forskningsetikk, regional relevans, nettverksarbeid, formidling, internasjonalisering, kommunikasjon og arbeidsmiljø. Styret er godt nøgde med kvaliteten på arbeidet ved instituttet.

Instituttet har hatt ei rekkje samarbeidsprosjekt med Vestland fylkeskommune i 2021, m.a med grunnlag i partnerskapsavtalen om å styrke regionalt arbeid med næringsutvikling og avtalen om FORREGION. Styret meiner det er viktig at instituttet held fram med å ha tett dialog og samarbeid med nye Vestland fylkeskommune, for å sikre at fylket både nyttar og legg til rette for det regionale instituttet som eit viktig verktøy for regional utvikling. Det blir også viktig å etablere nye nettverk i det nye fylket innan næringsliv og offentleg sektor i åra framover.

Styret er nøgd med at det er stor merksemd om fagleg, strategisk og organisatorisk samarbeid med viktige aktørar innan universitets-, høgskule- og instituttsektoren.

Instituttet leverer godt på vitenskapleg publisering. Annan formidlingsaktivitet har også vore god. Styret meiner det er viktig å halde fram med å prioritere den internasjonale aktiviteten i form av samarbeid med sterke internasjonale fagmiljø og deltaking i internasjonalt finansierte prosjekt, både EU-finansierte og andre. Spesielt viktig blir det å vinne oppdrag i det nye rammeprogrammet Horisont Europa.

Styret er nøgd med den generelle drifta ved instituttet. Instituttet har levert eit godt økonomisk resultat i 2021. Dette gjev rom for viktige satsingar dei komande åra.

## Forskningsområde

Forskarmiljøet ved instituttet har fleirfagleg samansetting med tyngda i klima og miljøfag. Arbeidet skjer både innanfor og på tvers av faggrupper. Det er tre faglege hovudområde ved instituttet: 1) klima og miljø, 2) reiseliv og 3) teknologi og samfunn.

### KLIMA OG MILJØ

- Klimatilpassing
- Industriell økologi
- Lokal klima- og miljøpolitikk
- Natur- og miljøforvaltning
- Energi og transport

### REISELIV

- Digitalisering
- Opplevingsturisme
- Berekraftig reiseliv

### TEKNOLOGI OG SAMFUNN

- Digitalisering i offentlig sektor
- Kultur, identitet og teknologi
- Regional utvikling
- e-Helse
- Stordata (big data)

## Oppdrag

Det blei arbeidd med 71 prosjekt i 2021 og det blei oppretta 20 nye prosjekt dette året. Dei nye oppdraga fordeler seg slik etter storleik:

Prosjektstorleik i kroner (totalt)	Tal prosjekt	Del av omsetninga i % i 2021
0-500	9	0,4 %
501-2000	7	17 %
2001-5000	3	20 %
>5000	1	3,2 %

Mange av forskingsprosjekta går over fleire år, og dei blir i stor grad utført i samarbeid med andre FoU-miljø, fagmiljø og oppdragsgjevarar både i regionen, i landet elles og internasjonalt.

## Omsetnad og finansiering

Omsetnaden i 2021 var på 38,7 millionar kroner. Grunnløyving frå Noregs forskingsråd utgjorde 12,5 % av inntektene og grunnløyving frå fylkeskommunen 2,6 % av inntektene, medan 84,9 % var oppdragsinntekter.

Oppdraga fordeler seg slik etter oppdragsgjevar/finansieringskjelde (i prosent) dei siste åra:

	2021	2020	2019	2018	2017
EU/utland	18	15	10	13	10
Forskringsrådet/RFF	67	66	43	52	47
Kommune/fylkeskom.	6	13	31	12	22
Statsforvaltninga	5	4	14	10	16
Næringsliv og org.	4	2	2	7	5

Oversikta viser omsetnad etter oppdragsgjevarar, men gir ikkje eit bilete av kva brukarar eller tema prosjekta er retta mot. EU-kommisjonen, Norges forskingsråd, Regionalt forskingsfond Vestland og statsforvaltninga er oppdragsgjevarar for ei rekkje prosjekt retta mot næringslivet og kommunesektoren.

### Prosjektaktivitet

Vestlandsforskning har i løpet av 2021 levert ei rekkje sterke søknader om forskingsmidlar til regionale, nasjonale og internasjonale prosjekt. Det er jobba systematisk med å vektleggje kvalitet framfor kvantitet i søknadsarbeidet, både når det gjeld talet på søknader og innhaldet i dei. Konkurransen om forskingsmidlane blir tøffare, noko som gjer at søknadane må vere av svært høg kvalitet for å få tilslag og finansiering. Vestlandsforskning har fått tilslag på ei rekkje søknadar i 2021. Desse døma kan trekkjast fram:

- **Shift-Plastics:** eit fireårig stort samarbeidsprosjekt om handtering av plast i fiskeri- og havbrukssektoren. Vestlandsforskning skal leie prosjektet, som har eit samla budsjett på 16 millionar kroner. Sju forskingsinstitusjonar er med, og heile 20 andre aktørar – utstyrproducentar, industripartnerar, gjenvinningsindustrien, offentlege partnerar og interesseorganisasjonar. Prosjektet er finansiert av Forskringsrådet.
- **Co-adapt:** eit treårig prosjekt, skal utvikle eit medverknads-verktøy for klimaomstilling i byar i Polen. Vestlandsforskning har eit budsjett på 3,5 mill. kroner. Prosjektet er finansiert av Forskringsrådet gjennom Polen- Noreg samarbeidet.
- **Klimamonitor:** ei teneste som er drifta av Nordapt, og skal samle inn og halde oversyn over data om klimatilpassing i heile samfunnet.
- **Transadapt:** eit prosjekt i regi av Noradapt som ser på korleis ein kan setje grenseoverskridande klimarisiko på dagsordenen i det lokale og nasjonale arbeidet med klimatilpassing. Når det skjer hendingar i eitt land som er knytt til klimaendringar, får det ringverknader i heilt andre land. Dette er ein type risiko samfunnet òg må tilpasse seg til, i tillegg til "tradisjonell" klimarisiko.
- **Bufdir-oppdrag om bruk av kunstig intelligens (AI) i offentlig sektor og risiko for diskriminering:** Eit viktig prosjekt fordi det utvidar forskingsområdet til teknologi- og samfunnsgruppa og bringer saman to viktige forskingsperspektiv: kjønn og teknologi og stordata og kunstig intelligens. Vestlandsforskning har eit budsjett på 750.000 kroner
- **«Mobilisering til Horisont Europa i Vestland»:** eit EU-nettverk for Vestland der dei andre partnerane i regionen er Vestland fylkeskommune, Bergen kommune, Norce Samfunn/Helse Vestland, HVL og Vestlandets Innovasjonsselskap AS (VIS). Samla løyving til VF: 300.000 kroner.
- **E-helse Vestland:** «Etablere Vestland som ein kraftregion for bruk av teknologi i helse- og omsorgstenesta». Prosjektet er en del av en fleirårig plan om å utvikle eit sterkt fagleg samarbeid og partnerskap for å samle, bygge og dele kunnskap og erfaringar som er kritiske for effektiv innføring av velferdsteknologi.
- Vestlandsforskning har gjennom fleire år lukkast med å hente forskingsmidlar frå Medietilsynet til prosjekt som handlar om innvandrarar sine medievanar. Prosjektet vi fekk i 2021, handlar om **problematiske dataspeling blant unge, einslege, mannlege asylsøkarar.**



Frå topptur på Skredfjellet i Fjærland. Foto: Halvor Dannevig

### Klima og miljø

Forskningsområdet klima og miljø har hatt svært høg aktivitet i 2021. Dette kjem til uttrykk gjennom fleire nye prosjekt og rekruttering av to nye tilsette. Grappa leier fleire store prosjekt med finansiering frå Norges forskningsråd, inkludert prosjekt basert på ERA-NET og JPI-finansiering. Grappa er partner i to Horisont 2020-prosjekt. Den største prosjektaktiviteten er knytt til handtering av klimaendringar og klimarisiko, men det er òg prosjekt innan industriell økologi, sirkulærøkonomi, energiomstilling, berekraftig lokalsamfunnsplanlegging og berekraftig reiseliv.

Vestlandsforskning er vertskap for eit breitt sentersamarbeid med namnet Norsk senter for berekraftig klimatilpassing (Noradapt), der forskingspartnarane er åtte norske forskingsmiljø innan klimatilpassing. I tillegg kjem brukarpartnarar frå næringsliv og offentlege verksemder. I 2021 har senteret satsa på å dekke viktige kunnskapshol gjennom å starte opp nye tenester og større prosjekt, mellom anna Norsk klimamonitor, som skal samle inn og halde oversyn over det som finst av data om klimatilpassing i heile samfunnet. Tenesta skal gje eit samla, oppdatert bilete av status for klimatilpassing i Noreg.

### Teknologi og samfunn

På forskningsområdet teknologi og samfunn har ein i 2021 arbeidd med alt frå store, langsiktige og strategiske forskingsprosjekt til mindre oppdragsprosjekt. Prosjekta har brukarar og finansieringskjelder både regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Prosjektet Teknoløft Sogn og Fjordane, der Vestlandsforskning samarbeider med Høgskulen på Vestlandet, er eit strategisk, langsiktig prosjekt som både skal utvikle kapasitet og endå meir næringsretting ved Vestlandsforskning, i tillegg til å mobilisere til, og gjennomføre, vesentleg meir FoU i næringslivet i Sogn og Fjordane. Prosjektet er 6-årig, er knytt til Kapasitetsløft-programmet til Forskningsrådet, og er mellom dei største løyvingane frå Forskningsrådet til FoU-miljøa i Sogn og Fjordane nokon gong. Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane er òg med på å finansiere Teknoløft. Vestlandsforskning har om lag 17 millionar kroner i budsjettet. Tematisk innretting for VF er stordata og plattformer som kan brukast av regionalt næringsliv. Temaet er knytt til utvikling av ei større forskingsgruppe for stordata ved instituttet. Det byggjer på ei rekkje

## Årsmelding 2021 - Vestlandsforskning


større, internasjonale prosjekt vi har i EU sitt forskningsprogram Horisont 2020. Satsinga blir vidareført i to nye år.

2021 var siste året for det 5-årige prosjektet Nordwit, med nordiske kunnskapsmiljø finansiert av Nordforsk, eit forskingsprogram knytt til Nordisk Ministerråd. Nordwit, som har forska på temaet kvinner i teknologi-relaterte yrke, og er definert som eit Nordic Centre of Excellence. Vestlandsforskning sitt bidrag her har mellom anna vore ei særleg merksemd på dette temaet i rurale regionar. Eit prosjekt som har bygd på kunnskap frå Nordwit, er Kvinneløftet Digital, finansiert av RFF Vest, som vart slutført i 2021. Det var ei vidareføring av prosjektet Kvinneløftet FixIT, som jobba for å stimulere til auka rekruttering av jenter og kvinner i innovasjon, særleg innan teknologi-driven innovasjon, finansiert av FORREGION-programmet i Forskningsrådet.

I løpet av 2021 vart det gjennomført eit nasjonalt oppdragsprosjekt med evaluering av eit rekrutteringsprosjekt til teknologiutdanningar i regi av Bufdir. Eit nytt oppdragsprosjekt for Bufdir vart starta opp – ein studie av risiko for diskriminering ved bruk av kunstig intelligens i offentleg sektor.

Prosjektet Public Warning Systems starta i 2020, i samarbeid med verksemda Paneda AS i Selje. Målet er å utvikle og teste eit system for befolkningsevakuering bygd på DAB-teknologi. Prosjektet er delfinansiert av IPN-programmet hos Forskningsrådet, og skal leie til nye tenester for både ein nasjonal og ein internasjonal marknad. Prosjektet har gjennomført testar i 2021, og Vestlandsforskning bidreg i verifikasjons- og valideringsaktivitetane med utvalde brukargrupper.

Vestlandsforskning har sidan 2017 hatt årlege prosjekt som omhandlar innvandrardom og dataspeling. I 2021 vart prosjektet «Spelevarar hjå unge menn med innvandrarakgrunn utan familie i Noreg» gjennomført, medan eit nytt prosjekt med oppstart i 2022 vart tildelt frå Medietilsynet/Rådet for anvendt medieforskning. Desse prosjekta har vore brukarretta og involverer både etatar i offentleg sektor og frivillige organisasjonar som jobbar tett knytt til innvandrarar.



### Regional utvikling og samarbeid

Instituttet har lang tradisjon for samarbeid med kommunane, både i vårt eige fylke og elles i landet. I 2021 har vi hatt samarbeid med kommunar, KS og fylkeskommunar i ei rekkje prosjekt. I nokre prosjekt er kommunane oppdragsgjevarar, i andre er dei kjelder for primærdata eller utprøvkommune. Tema for samarbeid i 2021 har mellom anna vore velferdsteknologi, digitalisering, reiseliv og klimaomstilling og FoU-mobilisering.

## Årsmelding 2021 - Vestlandsforskning

---

Næringslivet har medverka i prosjekta ved instituttet i 2021. Verksemdene er frå ulike bransjar og i alle storleikar, frå einmannsbedrifter til større verksemdar.

Vestlandsforskning er aktive med å mobilisere små og mellomstore bedrifter til forskning og utvikling. Saman med Høgskulen på Vestlandet har vi avtale med Vestland fylkeskommune om å bidra i FORREGION-programmet (Forskningsbasert innovasjon i regionene), og mobilisere bedrifter til å ta i bruk forskning for auka innovasjon og verdiskaping.

Vi arbeider også i nettverket Horisont Vestland, for å mobilisere verksemdar i regionen til å delta i internasjonal forskning.

Vestlandsforskning har inngått ein toårig samarbeidsavtale med Vestland fylkeskommune om å bidra til å styrke arbeidet med regional næringsutvikling knytt til forskning innan klima og miljø, reiseliv og teknologi og samfunn, i tett samarbeid med næringslivet. Avtalen legg særleg vekt på samarbeid om innsatsområda i regional handlingsplan for innovasjon og næring.

Vestlandsforskning har ei sentral rolle i det regionale nettverket IT-forum Vest, som del av administrasjonen og elles i fleire av arbeidsgruppene. IT-forum Vest er ein arvtakar etter IT-forum Sogn og Fjordane, der Vestlandsforskning har vore sentral som pådrivar og sekretariat sidan 1996. IT-forum Vest var etablert som ei eiga foreining av 14 organisasjonar frå privat og offentleg sektor i Sogn og Fjordane, og har sidan utvida samarbeidet med tidlegare Hordaland fylke og dekkjer no meir av Vestland fylke. Nettverket er ei viktig plattform for samarbeid i regionen, og ein arena for strategiutvikling og prosjektsamarbeid med offentlege og private aktørar i fylket. Sentrale tema er breibandutbygging i ikkje-kommersielle område, e-helse og særleg velferdsteknologi, og IT i oppvekst og utdanning, og ei nyoppretta arbeidsgruppe med temaet Mangfald og rekruttering til IT-utdanning.

Sidan 2014 har instituttet, gjennom IT-forum, arbeidd med velferdsteknologi i kommunane i Sogn og Fjordane, særleg ved hjelp av fornyingsmidlar frå Fylkesmannen. Prosjektet E-helse Vestland har gjennomført dei første to fasane av ein fleirårig plan der alle kommunane i Vestland fylke gradvis blir med i arbeidet med å innføre velferdsteknologi. 33 kommunar var med i 2020 og fleire kommunar kom med i 2021, i tillegg til Helse Fonna. Prosjektet har vist at velferdsteknologi, avstandspåfølgjing og andre digitale verktøy er til stor nytte i krisesituasjonar, som koronapandemien, ved å bidra til å trygge brukarar av helse- og omsorgstenestene, hindre smittespreiing og frigjere tid for helsepersonell. Eit anna viktig temaområde i 2021 har vore teknologi og mangfald, med særleg vekt på jenter og kvinner i teknologifag og teknologiutdanning. Arbeidsgruppa for mangfald jobba i 2021 med å starte opp eit næringslivsretta nettverk for helse-teknologi i regionen.

### Internasjonalt samarbeid

Vestlandsforskning legg stor vekt på internasjonalt forskingssamarbeid. I 2021 hadde Vestlandsforskning ei rekkje prosjekt med samarbeid med forskarar i andre land.

Stordata-gruppa under Teknologi og samfunn har jobba med fleire internasjonale prosjekt i 2021. Horisont 2020-prosjektet RESILOC har sidan 2019 forska på og utvikla strategiar, prosessar, metodar og instrument med mål om å auke katastrofe-resiliensen for Europa. Prosjektet "Transnasjonalt partnerskap for framifrå forskning og utdanning i disruptive teknologiar for ei resilient framtid (DTRF)" er eit samarbeid mellom Vestlandsforskning, Høgskulen på Vestlandet og sju verdslende universitet i USA, India, Kina og Japan, der målet er å etablere ein langvarig partnerskap der framifrå utdanning er integrert i framifrå forskning i disruptive teknologiar for kritiske infrastruktursystem.

I tillegg til RESILOC har Vestlandsforskning arbeidd med Horisont 2020-prosjekta JustNorth og Face-it i 2021. Desse handlar om polare problemstillingar og er knytt til klima og miljøgruppa. Felles for Horisont 2020-prosjekta er at dei er fleirårige og har mange internasjonale partnerar. I 2021 har Vestlandsforskning satsa vidare og har delteke i 8 søknadar i første utlysingsrunden i EU sitt forskings- og innovasjonsprogram Horisont Europa. I desse søknadane har vi inngått som partner, og ikkje koordinator av søknadane. Trass gode evalueringar, har vi ikkje fått tilslag på prosjekt i Horisont Europa til no.

I tillegg til Horisont 2020 prosjekt har instituttet lang tradisjon for EØS-samarbeid, og vi har arbeidd med løpande prosjekt og fått tilslag på nye EØS-finansierte forskingsprosjekt i 2021. Co-adapt og Smartfood er prosjekt som hadde oppstart i 2021, og er finansierte gjennom det polsk-norske EØS-samarbeidet.



Forskarar frå instituttet heldt ei rekkje innlegg på internasjonale konferansar og seminar. Dei fleste innlegga vart gjennomført digitalt akkurat i 2021, men reiseverksemda tok seg så smått opp att hausten 2021.

### Publisering, formidling og informasjon

Det er publisert 38 vitenskaplege artiklar i tidsskrift og det er publisert 12 vitenskaplege artiklar i bøker med fagfellevurdering.

Det er gitt ut 15 VF-rapportar og 6 VF-notat i 2021. Forskarane har halde føredrag, inkludert framlagde artiklar og føredrag utgitt i konferanserapportar. I tillegg er det publisert artiklar i fagtidsskrift, kronikkar og innlegg i ulike medium. Vestlandsforskning var arrangør/med-arrangør av heildagskonferansar og i tillegg har instituttet arrangert kortare seminar om ulike tema.

Publisering	2021	2020	2019	2018	2017
Vitenskaplege artiklar/bøker med fagfellevurdering	50	38	34	33	24
VF publikasjonar	21	20	19	8	19
Foredrag/undervising/artiklar	63	78	87	88	68
Artiklar i bøker/tidsskrift	12	10	6	2	3

### Personale og kompetanseutvikling

Det vart utført nær 30 årsverk ved instituttet i 2020. Ved utgangen av året hadde instituttet 35 tilsette: 32 forskarar og 3 administrativt tilsette. Ettersom koronapandemien har prega arbeidsåret, har mange nytta heimekontor, og ved nokre høve har heimekontor vore pålagt. Dette har ført til utfordringar med sosiale samkome, men vi har klart å gjennomføre ein utandørs sommarfest i juni 2021 og julebord etter gamal tradisjon, begge med koronatilpassing. Instituttet har fadderordning for dei nytilsette.

Ved utgangen av 2021 var det 20 tilsette ved instituttet med doktorgradskompetanse (seniorforskar). Fire av desse har professorkompetanse (leiande seniorforskar). To tilsette har disputert for doktorgrad i 2021. Vi har mål om at 50 prosent av forskarane har doktorgrad og vi er godt over måлтаlet. To av forskarane ved Vestlandsforskning har i 2021 vore tilsett i ei 20 % stilling hjå HVL, den eine som professor i berekraftig utvikling og den andre som emneansvarleg for kurset «Bitcoin, blokkjedeteknologi og den digitale økonomien». Sistnemnde har og hatt ei bistilling ved NTNU, Inst. for industriell økonomi og teknologiledelse, for oppbygging av kurs i Bitcoin og kryptovaluta. Kvinner utgjør 42,9 prosent av forskarstaben og 48,6 prosent av dei tilsette ved Vestlandsforskning. Turnover er 5,7 prosent og vi ynskjer å ligge under 10 prosent. Det er eit internasjonalt arbeidsmiljø ved instituttet, med forskarar av ei rekkje ulike nasjonalitetar, som India, Vietnam, Polen, Iran og Sverige.

Det er i 2021 arbeidd med å utvikle nytt lønssystem og etter semje i oktober vart det nye systemet gjeldande frå 1. januar 2022. I tillegg hadde Vestlandsforskning eit eige likestillingsprosjekt med mandat til å utarbeide grunnlag for arbeid med ein likestillingsplan og deretter å lage ein likestillingsplan for instituttet. I tillegg gjennomførte vi fleire internprosjekt, seminar og andre aktivitetar som ledd i instituttet sitt eige utviklingsarbeid. Desse har både fagleg karakter og karakter av system- og instituttutvikling.

Det vert lagt til rette for fleksibel arbeidstid, høve til redusert stilling og fleksibilitet i arbeidet med heimekontorløyning. Vestlandsforskning har i 2021 hatt eit sjukefråvær på 5,25 prosent. Det har vore to tilsette med lengre sjukefråvær. Instituttet arbeider for eit godt arbeidsmiljø og for å førebygge sjukefråvær gjennom HMS- og IA-arbeid, internseminar og rask oppfølging ved sjukdom. Vi skal vere ein arbeidsplass der medarbeidarane har rom for utvikling av seg sjølve og kollegiet til beste for instituttet. Det er eit mål å legge til rette for at ein kan kombinere ei forskarkarriere ved instituttet med familieliv på ein god måte.

### Miljøfyrtårnsbedrift

Vestlandsforskning er Miljøfyrtårnsbedrift, og har gjennom fleire år arbeidd målretta med å redusere miljøulempene ved instituttet. Klimagassutslepp ved reising er den største utfordringa, og i løpet av 2021 har

stiftinga investert endå meir i digitalt utstyr for å auke kapasitet og høve til å bruke videokonferansar og videostrøyming i større skala enn tidlegare. Med bakgrunn i koronatilpassing har det og i 2021 vore mindre reiseaktivitet enn vanleg, og ein bi-effekt er at vi gjennom det har eit høgare miljøbidrag.

### Oversikt – flyreiser

		2021	2020	2019	2018	2017
Tal reiser per år	Utland	4	9	38	118	112
	Innland	10	27	208	182	224
Tal reiser pr årsverk per år	Utland	0,1	0,3	1,4	4,6	3,9
	Innland	0,5	0,9	7,4	7,1	9
Flyreise km per årsverk	Utland	746	1300	3340	4576	5470
	Innland	936	384	2253	2053	2294
Totalt utslepp (CO <sub>2</sub> -ekvivalentar)		3,9 tonn*	7,5 tonn	33 tonn	37 tonn	36 tonn

\* Frå og med 2021 har vi endra til å rapportere utslepp CO<sub>2</sub> ekvivalentar flyreiser på same måte som i rapporten til miljøfyrtårn. Tala for utslepp flyreiser i VF årsmelding og rapport til miljøfyrtårn vil vere like framover.

## Strategi 2021– 2025

Vestlandsforskning vedtok strategi for perioden 2021–2025 i styremøtet 11. desember 2020. Strategien består av eit hovudmål og tre delmål med tilhøyrande utdjujingar og målsetjingar.

### Hovudmål:

Vestlandsforskning skal vere eit sjølvstendig, regionalt forskingsinstitutt med base i Sogndal og forankra i Vestland. I samarbeid med regionale, nasjonale og internasjonale fagmiljø skal instituttet levere banebrytande forskning av høg kvalitet som svarar på samfunnsutfordringar og bidreg til berekraftig utvikling.

Hovudmålet skal realiserast gjennom følgjande tre delmål:

#### 1. Samfunnsrelevant forskning og formidling

- Forske på regionale, nasjonale og globale samfunnsutfordringar og utvikle løysingar i samarbeid med offentleg forvaltning, næringsliv og sivilsamfunn
- Gjere forskinga synleg for ålmenta, oppdragsgjevarar og forskingsmiljø gjennom populærvitskapeleg forskingsformidling, vitskapeleg publisering og aktiv deltaking i samfunnsdebatten
- Styrke omdømme og nettverk gjennom å dele kunnskap og idéar

#### 2. Sterkt og konkurransedyktig fagmiljø

- Utføre forskning med høg vitskapeleg kvalitet
- Bygge og vedlikehalde sterke, tverrfaglege forskingsmiljø
- Delta i faglege og administrative samarbeid både regionalt, nasjonalt og internasjonalt

#### 3. Attraktivt og mangfaldig arbeidsmiljø

- Vere den mest attraktive og inkluderande arbeidsplassen for forskarar i regionen, der alle medarbeidarar kjenner seg verdsette og opplever meistring og utvikling
- Arbeide systematisk for å sikre likeverd, mangfald og god kjønnsbalanse
- Tilby gode, fleksible og konkurransedyktige arbeidsvilkår

Strategiane er styrande for årleg budsjettprioritering og skal vere atkjennande i alle delar av verksemda.

# Årsmelding 2021 - Vestlandsforskning

## STYRE OG LEIING

### Styre 2021:

#### Medlemmer

Aleksander Øren Heen, leiar til 22.10.21  
Silja Ekeland Bjørkly, nestleiar til og leiar frå 22.10.21  
Kristin Rundsveen Bøtun, nestleiar frå 15.12.21  
Erik Kyrkjebø  
Synnøve Aabrekk  
Tone Fløtten  
Arve Sandal  
Svein Ølnes, tilsettrepresentant

#### Varamedlemmer

Emil Gadolin  
Svein Ove Slinde  
Kristin Rundsveen Bøtun  
Kathrin Jakobsen  
Kristin Maurstad  
Iselin Marstrander  
Hilde G. Corneliussen (for Svein Ølnes)

### Dagleg leiing

Direktør Anders-Johan Almås

#### Miljøgruppa

Forskingsleiar Halvor Dannevig  
Gruppeleiar Hans Jakob Walnum

#### Tek.sam.-gruppa

Forskingsleiar Ivar Petter Grøtten  
Gruppeleiar Ida Tidemann-Andersen

## PERSONALE

Anders-Johan Almås, direktør  
Rajendra Akerkar, forskar I  
Eivind Brendehaug, forskar II  
Hilde G. Corneliussen, forskar I  
Ragnhild Freng Dale, forskar II  
Halvor Dannevig, forskar II, forskingsleiar  
Agnes Brudvik Engeset, forskar II  
Daniel Furberg, forskar III  
Kyrre Groven, forskar II  
Ivar Petter Grøtten, forskingsleiar  
Stefan Gössling, forskingskoordinator  
Idun A. Husabø, forskar III og kommunikasjonsansvarleg  
Bård Huseby, forskar III  
Torunn Gauteplass Hønsi, forskar II  
Øyvind Heimset Larsen, forskar II  
Karen Richardsen Moberg, forskar III  
Tone Rusdal, forskar III  
Seddighi, Gilda forskar II  
Simonsen, Morten forskar III  
Ida Tidemann-Andersen, EU-rådgjevar og gruppeleiar tek.sam.  
Anna Maria Urbaniak-Brekke, forskar II  
Hans Jakob Walnum, forskar II og gruppeleiar miljø  
Svein Ølnes, forskar II  
Carlo Aall, forskar I  
Silje Vattestad, økonomiansvarleg  
Monica Brugrand, HR-ansvarleg  
Mari Hanssen Korsbrekke, forskar II  
Marta Karoline Jansen, Forskar III  
Torbjørn Selseng forskar III  
Hoang Long Nguyen forskar II  
Synnøve Støverud Beitnes, forskar III  
Tara Holm, forskar III  
Fredrik Moltu Johnsen, Forskar II  
Berit Johanne Skogvang, forskingsassistent  
Benjamin Sovacool, research fellow

RESULTATREKNESKAP

Stiftinga Vestlandsforskning

Resultatregnskap

NOTER	DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2021	2020
7	Driftsinntekter	38 738 837	38 188 397
	<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>38 738 837</b>	<b>38 188 397</b>
	Prosjektkostnader	7 334 019	8 064 304
2	Lønnskostnad	25 483 197	23 054 623
6	Ordinær avskrivning	330 391	299 031
	Andre driftskostnader	4 785 091	3 871 842
	<b>Sum driftskostnader</b>	<b>37 932 697</b>	<b>35 289 800</b>
	<b>Driftsresultat</b>	<b>806 140</b>	<b>2 898 597</b>
	<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>		
	Renteinntekter	179 915	159 118
	Andre finansinntekter	0	49 652
	Rentekostnader	-23 815	-20 902
	<b>Netto finansresultat</b>	<b>156 099</b>	<b>187 868</b>
	<b>Resultat før skatt</b>	<b>962 239</b>	<b>3 086 465</b>
8	Skattekostnad på ordinært resultat	-45 253	-136 098
	<b>ÅRSRESULTAT</b>	<b>916 986</b>	<b>2 950 367</b>
	<b>OVERFØRINGER</b>		
	Avsatt til annen egenkapital	916 986	2 950 367
	<b>Sum overføringer</b>	<b>916 986</b>	<b>2 950 367</b>

## Årsmelding 2021 - Vestlandsforskning

### Stiftinga Vestlandsforskning

Balanse pr. 31. desember

NOTER	EIENDELER	2021	2020
	<b>Anleggsmidler</b>		
	<b>Immaterielle eiendeler</b>		
6	Konsesjoner, patenter, lisenser, varemerker o.l.	375 000	404 000
	<b>Sum immaterielle eiendeler</b>	<b>375 000</b>	<b>404 000</b>
	<b>Varige driftsmidler</b>		
6	Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	543 999	718 770
	<b>Sum varige driftsmidler</b>	<b>543 999</b>	<b>718 770</b>
	<b>Finansielle anleggsmidler</b>		
	Langsiktige fordringar	318 471	215 593
5	Investeringer i aksjer m.v.	3 804 385	3 696 366
	<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>	<b>4 122 856</b>	<b>3 911 959</b>
	<b>Sum anleggsmidler</b>	<b>5 041 855</b>	<b>5 034 729</b>
	<b>Omløpsmidler</b>		
3	Prosjekter i arbeid	5 396 318	3 553 837
	<b>Fordringer</b>		
3	Kundefordringer	7 016 177	5 093 593
3	Andre kortsiktige fordringer	599 912	970 131
	<b>Sum fordringer</b>	<b>7 616 089</b>	<b>6 063 724</b>
3	Bankinnskudd, kontanter o.l.	23 448 871	26 157 343
	<b>Sum omløpsmidler</b>	<b>36 461 278</b>	<b>35 774 904</b>
1	<b>SUM EIENDELER</b>	<b>41 503 133</b>	<b>40 809 633</b>

## Årsmelding 2021 - Vestlandsforskning

NOTER	GJELD OG EGENKAPITAL	2021	2020
	<b>Egenkapital</b>		
	Grunnfond	4 000 000	4 000 000
	Annen egenkapital	14 541 954	13 624 968
4	<b>Sum egenkapital</b>	<b>18 541 954</b>	<b>17 624 968</b>
	<b>Gjeld</b>		
	<b>Kortsiktig gjeld</b>		
	Leverandørgjeld	1 898 589	1 334 365
8	Betalbar skatt	45 253	133 096
	Skyldige offentlige avgifter	2 344 426	1 781 778
	Forskudd fra kunder	16 473 947	16 961 053
	Annen kortsiktig gjeld	2 198 964	2 974 373
	<b>Sum kortsiktig gjeld</b>	<b>22 961 179</b>	<b>23 184 665</b>
	<b>Sum gjeld</b>	<b>22 961 179</b>	<b>23 184 665</b>
1	<b>SUM GJELD OG EGENKAPITAL</b>	<b>41 503 133</b>	<b>40 809 633</b>

Sogndal, 25.03.2022

Styret i Stiftinga Vestlandsforskning

  
Silja Ekeland Bjørkly  
styreleiar

  
Kristin Rundsveen Bøtun  
nestleder

  
Arve Sandal  
styremedlem

  
Erik Kyrkjebø  
styremedlem

  
Synnøve Elisabeth Aabrekk  
styremedlem

  
Tone Fløtten  
styremedlem

  
Anne Karin Hamre  
dagleg leiar

  
Hilde Gandrubbakken Corneliusen  
styremedlem

### Vitskaplege artiklar/bøker m/referee

#### Artiklar i bøker, tidsskrift og konferanseproceedings

Moberg, KR, BK Sovacool, A Goritz, GM Hinojosa, C Aall, and M Nilsson (2021). "Barriers, emotions and motivational levers for lifestyle transformation in Norwegian household decarbonization pathways," *Climatic Change* 165 (3), pp. 1-25. <https://doi.org/10.1007/s10584-021-03018-y>

Hong, Minsung, Jung, Jason J. (2021): Multi-criteria tensor model for tourism recommender systems. *Expert Systems with Applications*, Elsevier, 15.05.2021.

<https://www.sciencedirect.com/science/article/abs/pii/S0957417420311817?via%3Dihub>

Hong, Minsung, Jung, Jason J. (2021): Multi-criteria tensor model consolidating spatial and temporal information for tourism recommendation. 20.01.2021: *Journal of Ambient Intelligence and Smart Environments*, vol. 13, no. 1, pp. 5-19, 2021

<https://content.iospress.com/articles/journal-of-ambient-intelligence-and-smart-environments/ais200584>

Hong, Minsung (2021): Decrease and Conquer-based Parallel Tensor Factorization for Diversity and Real-time of Multi-criteria Recommendation. July 2021, *Information Sciences Vol 562*, Elsevier

<https://www.sciencedirect.com/science/article/abs/pii/S0020025521001390?via%3Dihub>

Hong, Minsung, Jung, Jason J. (2021): ClustPTF: Clustering-based parallel tensor factorization for the diverse multi-criteria recommendation. *Electronic Commerce Research and Applications* Volume 47, May–June 2021, 101041, ScienceDirect, Elsevier.

<https://www.sciencedirect.com/science/article/abs/pii/S1567422321000132?via%3Dihub>

Gössling, Stefan (2021) Tourism, technology and ICT: a critical review of affordances and concessions. 20. January 2021, *Journal of Sustainable Tourism*, Taylor & Francis

<https://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/09669582.2021.1873353>

Selseng, Torbjørn, Klemetsen, Marit E., Rusdal, Tone (2021): Adaptation confusion? A longitudinal examination of the concept "climate change adaptation" in Norwegian municipal surveys. *Weather, Climate, and Society* 10. june 2021. AMS Journals.

<https://journals.ametsoc.org/view/journals/wcas/13/3/WCAS-D-21-0024.1.xml>

Gössling, Stefan, Lyle, chris (2021): Transition policies for climatically sustainable aviation. *Transport Reviews* Volume 41, 2021 - Issue 5, Taylor & Francis.

<https://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/01441647.2021.1938284>

Gössling, Stefan, Meyer-Habighorst, Christiane, Humpe, Andreas (2021): A global review of marine air pollution policies, their scope and effectiveness. *Ocean & Coastal Management* Volume 212, 15 October 2021, 105824, ScienceDirect, Elsevier

<https://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S0964569121003070?via%3Dihub#!>

Scott, Daniel, Gössling, Stefan, (2021): Destination net-zero: what does the international energy agency roadmap mean for tourism? *Journal of Sustainable Tourism* Volume 30, 2022 - Issue 1, Raylor & Francic Online

<https://www.tandfonline.com/doi/full/10.1080/09669582.2021.1962890>

Seddighi, Gilda, Corneliusson, Hilde (2021): The Illusion of Balance: Women in ICT Working Full-Time and Still Having a Feeling of Opting Out. *Feminist Encounters*, A journal of critical studies in culture and politics, lectito.

<https://www.lectitopublishing.nl/Article/Detail/the-illusion-of-balance-women-in-ict-working-full-time-and-still-having-a-feeling-of-opting-out-11163>

Corneliussen, H. G. (2021). Unpacking the Nordic Gender Equality Paradox in ICT Research and Innovation. *Feminist Encounters: A Journal of Critical Studies in Culture and Politics*, 5(2), Article 25 (11 pages).

